



Til foreldre

## Informasjon om overgang til ny digital læringsplattform

Valldal skule har i mange år hatt FirstClass som digital læringsplattform. Dei siste åra har ikkje dette systemet fungert optimalt, og det har i tillegg vore ein dyr lisens for skulen. Vi har derfor sagt opp denne avtalen frå 01.02.19. Etter denne dato vil ikkje e-post fungere. Elevane sine arbeid på FirstClass har dei sjølve sett over, og lagra dokumenta dei ynskjer å behalde.

Sidan kommunen no har samarbeidsavtale med e-kommune har vi blitt pålagde å innføre Microsoft Office365, ei skybasert løysing. I Office365 har ein tilgang til dei mest brukte Office pakkane som Word, PowerPoint, Excel, OneNote osv.

Elevane har fått eige brukarnamn og passord til Office365, og nokre klassar er allereie godt i gang med å bruke Teams som er ein del av Office365. Pr. i dag er det berre elevane som kan logge seg inn her, men om dykk som foreldre vil sjå kva dykkar elev arbeidar med, kan de nytte deira innlogging. Her vil de også finne vekeplanar og etter kvart anna informasjon.

E-kommune arbeidar for at vi i løpet av vinter/ vår 2019 skal byrje å bruke «Skooler» i Office365. Dette vil vere ei meir fullgod erstatning for FirstClass, der også dykk som foreldre vil kunne samhandle med skulen.

Vi håper at de som foreldre har forståing for at det vil bli litt andre rutinar og kommunikasjonsformer no i ein overgangsfase mellom to læringsplattformer. Vi har fortsatt heimesida der mykje av den statiske informasjonen ligg, samt facebook for enkle beskjedar. Lærarane vil legge den kommunale e-post adressa si på vekeplanen. Bruk helst denne dersom de treng kontakte skulen om noko. Korte beskjedar utan sensitiv informasjon kan fortsatt sendast på sms.

Ta gjerne kontakt om det er noko de lurar på.

Mvh

Mariann R. Birkhol  
- rektor-